



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Samnanger kommune
Møtestad:	Biblioteket på Bjørkheim
Dato:	12.03.2020
Tid:	14:00 - 15:15

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Anne Tandstad	Medlem	SP
Arild Røen	Leiar	H

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Hoseth Næss	Nestleiar	KRF
Silvana Amaral Da Silva	Medlem	BL

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Arne Jørgensen	Terje Hoseth Næss	BL
Bjarne Hauge	Silvana Amaral Da Silva	KRF

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Knut Harald Frøland	Ordførar
Birte Bjørkelo	Partner Deloitte AS
Einar Ulla	Seniorrådgjevar i Vestland fylkeskommune (Deltok via telefon)
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar i Vestland fylkeskommune

Arild Røen
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
	Politiske saker		
PS 10/20	Varsel om arbeidstilhøve i Samnanger kommune	2020/110	

Godkjenningssaker

GK 3/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 12.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Møteinnkalling vart sendt ut 11.03.20 via e-post. Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Politiske saker

PS 10/20 Varsel om arbeidstilhøve i Samnanger kommune

Forslag til vedtak

Saka blir lagt utan tilråding til vedtak.

Saksprotokoll i 12.03.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Handsaming i møte

Utvalseiar opna møte og forklarte at det var ei sak til dette møte.

Medlem Anne Tandstad reiste spørsmål om ho var habil i saka, grunna at ho for ei tid tilbake har vore involvert i denne saka.

Ut frå det som kom fram av informasjon frå medlem Anne Tandstad, vedtok kontrollutvalet samrøystes at Anne Tandstad var inhabil i behandling av denne saka.

Anne Tandstad gjekk frå møtet i behandling av saka.

Møtet vart etter dette lukka med heimel i kommunelova § 11-5, då det med stort sannsyn ville kome fram personalmessige opplysningar i møtet som er unntatt offentleg jf. Offl. § 13 jf forvl. § 13.

Varselet vart utdelt i møte, og samla inn att ved møteslutt.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte ut i frå det som kom fram av varselet og det som kom fram av diskusjonen i møtet, kartlegge bakgrunnen for varselet.
2. Deloitte blir bedt om å utarbeide ein prosjektplan for arbeidet, og sende denne til sekretariatet så snart den er ferdig.
3. Utvalseiar får i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
4. Deloitte blir vidare bedt om å orientere om status for arbeidet i neste møte (14.04.20) i kontrollutvalet.